

Bondhusdalen landskapsvernområde

Kvinnherad kommune, Hordaland fylke

- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde

Målestokk = 1 : 25 000

Ekrvidstanser: 100 meter


0 0,5 1 Kilometers

UTM rutennett i EUREF89, zone 32

Kartgrunnlag: N250 / N50

Kartproduksjon: Fylkesmannen i Hordaland

Miljøverndepartementet, april 2005



Informasjon om bygdalagsturen Bondhus - Holmavatnet

Turen går i Bondhusdalen Landskapsvernområde. Då det generelt ikkje er lov å merkja sti i landskapsvernområdet er turen til Holmavatnet ikkje spesielt merka (men nokre raude merker mellom Botnavatnet og Brufoss frå tidlegare tur). Du må difor gå denne turen i godt vær, ta med kart og føl med på faren for tåke.

Du går vegen inn til Sandavollen og føl vidare veg / sti via Gardshammar til Botnavatnet. Frå Botnavatnet tar du av mot sør og føl sauastien sørover mot heimsta Brufossvatnet. Elva frå Brufossvatnet renn inn i eit inntak litt lenger nede, du må gå nedom dette inntaket (ver forsiktig då steinane kan vera glatte). Du må opp igjen på andre sida av elva og så gå vidare mot sør, opp berga mot skardet mellom heimsta Brufossvatnet og Holmavatnet (berga kan vera glatte, så gå helst der det er torv og vierkratt. Litt ulendt parti). Når du kjem til Holmavatnet føl du sauastien opp på høgge (vest) sida av vatnet, knappe 5 minutt fram til boka. Sjå bilete under, av staden der boka ligg. Har du tid, lyst og værret er godt kan du gå vidare til andre enden av Holmavatnet, der det renn inn under breen. Der er det og nokre fine jettegryter.

Studer litt på kartet, slik at du veit kor du skal. Då finn du lettare fram. Turen er litt krevjande, tidsbruk opp ca. 4 - 4,5 timar gangtid (+pausar).

